



KONTROLLUTVALET

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utval/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtestad:
Kontrollutvalet i Sel kommune	6. februar 2018	26. januar 2018	Sel rådhus

Til stede på møtet:

Av i alt 4 medlemmer var 2 faste medlemmer til stades.

Sekretær i SKNG førte møteboka.

Møtet varte fra kl. 1000 til 1430.

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført på sak 01/18 - 03/18 er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Maj-Britt Svastuen

Arne Jørgen Rønningen

Bjørn Egil Ulsletten

Ester Midtli

Utskrifter:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til:

- Medlemmene av kontrollutvalet og varamedlemmer.
- Sel kommune – administrasjonssjef og ordfører
- *Innlandet Revisjon UKS*
- Presse



KONTROLLUTVALET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalet	Møtedato: 6. februar 2018	Saksnr: 01/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2017

Saksdokument:

Forslag til årsmelding 2017

Saksframstilling:

Ifylgje kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret velger sjølv eit kontrollutval til å utøve tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

I samsvar med kommuneloven § 77 nr. 6 skal kontrollutvalet rapportere om verksemda til kommunestyret. Dette kan gjerast via kontinuerleg rapportering, årsmelding, eller ein kombinasjon av desse to måtane. Rapportering til kommunestyret for året 2016 skjer med dette i form av kontrollutvalgets årsmelding for 2016.

Som vedlegg til årsmelding er ein oversikt over oppfylgjing av kontrollutvalets vedtak i 2017.

Forslag til innstilling:

Kommunestyret tek kontrollutvalgets årsmelding for 2017 til orientering.

Handsaming:

Ingen merknad til innstillinga.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2017 til orientering.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Sel kommune	Møtedato: 6. februar 2018	Saksnr: 02/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

Kundebrev frå Innlandet Revisjon IKS
Status forvaltningsrevisjon

ORIENTERING FRÅ INNLANDET REVISJON IKS

Samarbeidet med Innlandet Revisjon IKS kom i stand 1.1.18. Kommunane er i gang med årsavslutning 2017. I samband med dette har Innlandet Revisjon IKS sendt over orienteringsbrev med saksgangen i revisjonstenesten.

Sel kontrollutval bestilte i 2018 forvaltningsrevisjonsprosjektet *sjølvkost*. Innlandet Revisjon IKS har starta opp arbeidet og meiner å kunne bli ferdig våren 2018.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Innlandet Revisjon meldte forfall. Ettersom dei hadde sendt oversikt over framdrifta av forvaltningsrevisjon, har sekretær utarbeidd ny sak. Kontrollutvalet hadde ingen merknader til orienteringa.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 6. februar 2018	Saksnr: 03/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

ARBEIDSMØTE

PLAN FOR 2018

Kontrollutvalet drøftar kva saker som er ynskjeleg å handsame i 2018.

Sekretær har laga vedlagt utkast til årsplan. Denne er førebels og må også rullerast gjennom året, da det kan dukke opp saker for handsaming og saker som kontrollutvalet ynskjer til orientering. Kontrollutvalet går gjennom planen og supplerer med det som er ynskjeleg.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom oversikta over sakshandsaminga i 2017.

Sekretariatet har motteke oversikt over statlege tilsyn i Sel kommune. På grunnlag av dette hadde sekretær ein muntleg gjennomgang av tilsyna. Full oversikt vert sendt over til neste møte.

Gjennomgang sak 29/17 Otta Brygge:

Kontrollutvalet har ved fleire høve fått orientering frå administrasjonen om Otta Brygge. Dette er ein stor og omfattande utbygging og investering, der dei fortløpande vil fylgje prosessen.

Prosjektet er vedteke i Sel kommunestyre. Kontrollutvalet er utnemnt av organet, for bl.a. å fylgje opp vedtak. Ettersom utbygginga nå er i gang, vil kontrollutvalet i utgangspunktet avvente nærare gjennomgang til prosjektet er ferdigstilt.

Utvalet gjorde i møte 27.11.17 dette vedtaket:

- 1. Kontrollutvalet er kritisk til at administrasjonen har lagt fram for lågt kostnadsoverslag for utbygginga av boligar for funksjonshemma da vedtaket om igangsetting vart vedtatt. Dette har redusert politikarane sine moglegheiter til styring av prosjektet.*
- 2. På bakgrunn av dei auka kostnadane ynskjer kontrollutvalet kopi av protokollar og referat frå møta mellom Sel kommune og medkontrahendane.*
- 3. Kontrollutvalet ynskjer å bli løpande orientert om framdrifta i utbygginga av prosjektet.*

Etter gjennomgang, vil kontrollutvalet gjera denne presiseringa av pkt. 3:

Når prosjektet er ferdigstilt og det ligg føre endeleg byggerekneskap, vil kontrollutvalet gjera ei nærare vurdering om eventuell gjennomgang av heile prosessen med bygging av omsorgsboligar. Men dersom det av ulike årsaker skulle bli aktuelt, vil kontrollutvalet sjølv ta initiativ overfor administrasjonen ved ynskje om ytterlegare informasjon.

Sekretær utarbeider i samarbeid med leiar ein oppsummering av handsaminga. Kontrollutvalet handsamar denne i møte, som er stipulert til 10. april 2018.

Handsaming 26. april 2018

SAK NR. 3/2018 ARBEIDSMØTE 6. februar 2018

Heile utvalet slutta seg til ny protokoll ang.:

Gjennomgang sak 29/17 Otta Brygge:

Kontrollutvalet har ved fleire høve fått orientering frå administrasjonen om Otta Brygge. Dette er ein stor og omfattande utbygging og investering, der dei fortløpande vil fylgje prosessen.

Prosjektet er vedteke i Sel kommunestyre. Kontrollutvalet er utnemnt av organet, for bl.a. å fylgje opp vedtak. Ettersom utbygginga nå er i gang, vil kontrollutvalet i utgangspunktet avvente nærare gjennomgang til prosjektet er ferdigstilt.

Utvalet gjorde i møte 27.11.17 dette vedtaket:

- 1. Kontrollutvalet er kritisk til at administrasjonen har lagt fram for lågt kostnadsoverslag for utbygginga av boligar for funksjonshemma da vedtaket om igangsetting vart vedtatt. Dette har redusert politikarane sine moglegheiter til styring av prosjektet.*
- 2. På bakgrunn av dei auka kostnadane ynskjer kontrollutvalet kopi av protokollar og referat frå møta mellom Sel kommune og medkontrahendane.*
- 3. Når prosjektet er ferdigstilt og det ligg føre endeleg byggerekneskap, vil kontrollutvalet gjera ei nærare vurdering om eventuell gjennomgang av heile prosessen med bygging av boligar for funksjonshemma. Men dersom det av ulike årsaker skulle bli aktuelt før prosjektet er ferdigstilt, vil kontrollutvalet sjølv ta initiativ overfor administrasjonen ved ynskje om ytterlegare informasjon.*